



Kvartetten nærmar seg mål - med Nidelven!

Til tonane frå Minnenes melodi toga 60 inn til ny allsong i sjøkanten - nærare bestemt til Systrene Nilsen - og det vart eit ny suksess i Kristian Bringedals regi. Vertshuset som har vore unytta ei stund vakna til nytt liv og lat oss ta det som eit optimistisk varsel.

Programmet var friska opp med fleire nye innslag, til dømes ein quiz med slagerspørsmål frå 1960-talet og eit enkelt men svært hørbart rytmeinstrument. Det kalte vi smellstikker på Austlandet i gamle dager men i Bergen heitte det klinkertar.

Det var dagens gjesteartist, trommis Borge Olsen, som hadde plukka det fram frå gløymsele og presterte eit fingerferdig attersyn.

Men det var den faste trioen Kristian, Hans Gustav (Musland) og Reidar (Myklebust) som køyrde løpet med spel og song og la for dagen aukande formkurve. Allsongen ved sjøkanten er nok ikkje truga av flom med det fyrste.

Repertoaret kalte fram mange minner, faktisk heilt frå krigens dagar. Det vart sunge ein song formidla av Birger Myklebust som dei færraste kjenner til og som er lokal. Den heiter Vårt Noreg og sluttar seg rørande til den lange rekkja av engasjerte okkupasjonsongar.

Ellers var det mest usliteleg stoff, men med unntak for ein Samlesong som ikkje vi har høyrte før. Den kan med hell nyttast i starten av møter og samkomar av ymse slag

Quizen var improvisert og gjekk litt over stakk og stein, men kan gjerne køyrast som eit fast innslag når det skal avviklast fleire allsongtreff. For det skal det vel?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Trommis Olsen i aksjon med klikkertar denne gongen